

Linn Ringdal Steiner
Hans Hansens Vei 78
3021 DRAMMEN

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Stein Kåre Løvslett 02.06.2023
Vår: 23/604 - 23/5179 stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Vedtak - pålegg om retting av feil ved septiktank - gbnr 149/24 - Åråsvågen 65

Administrativt vedtak. Saknr: 070/23

Vi syner til melding fra NORVA 24 Vest AS vedrørande feil og mangler ved septiktank motteke (vedlagt) 08.05.2023

Vedtak

Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljaren på gnr. 149 bnr. 24 i medhald av plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.

Alternativt kan avlaupet knyttast til offentleg avlaupsleidning i området.

Kondemnert septiktank må fjernast eller fyllast igjenn.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding fra Norva 24 Vest AS som er operatør for tømming av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er manglar med dykk ved utløp og det er opplyst at det er lågt veskenivå i septiktanken, samt lause skiljeveggar og



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

lekkasje. Lause skiljeveggar fører til at reinsekapasiteten til septiktanken vert sterkt redusert. Alle disse manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av grunnen. Manglane må utbetraast av fagleg kompetent personell/rørleggar.

Anlettet er i eit område der det er mogleg å knytte seg til kommunalt anlegg. Som det går fram av meldinga frå NORVA 24 Vest AS er dei usikker på om septiktanken er kondemnert. Vi finn ikkje noko dokumentasjon på at eigedomen er søkt tilkopla det kommunale anlegget. Vi anmoder om at anlegget vert kopla til det kommunale anlegget dersom dette ikkje allereie er gjort. Dersom det er fleire husstandar i området som er i same situasjon som Dykk oppfordrar vi til at det vert inngått eit sammarbeid då dette kan redusere kostnadane. Ei tilkopling til kommunalt anlegg er søknadspliktig og må utførast av godkjent rørleggar.

Ein nedgravd kom eller tank er ei potensiell framtidig forureinings kjelde. Den vil og vere til fare for mennesker og dyr dersom den startar å gå i oppløsing. Dersom septiktanken er kondemnert og ikkje lengere er i bruk må den fjernast eller fyllas igjen.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Septiktømming - oppdrag med mangel - gbnr 149/24 - Åråsvågen 65

Kopi til:

| | | | |
|---------------------------------|------------------|------|----------|
| Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen | | | |
| NGIR | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |
| Norva24 Vest As Avd Sløvåg | Sløvågen 16 | 5960 | DALSØYRA |

Mottakere:

Linn Ringdal Steiner

Hans Hansens Vei 3021
78

DRAMMEN